

Referat frå elevrådsmøte på Lye skule 09.04.26

Elevar frå 4. – 7.trinn er representert i elevrådet. Ein gut og ei jente frå kvar klasse

Sak 1 15 000 kr som elevrådet fekk frå Jæren Sparebank.

Etter tilbakemelding frå elevrådet vart pengane brukt til innkjøp av spel og bøker til biblioteket.

Sak 2 Velgje kva for eit land skulen skal samla inn pengar til under Hei-Verden aksjonen.

Elevrådet kunne velgje mellom 3 land. Bangladesh, Peru og Uganda.

Elevrådet stemde fram Uganda.

Sak 3 Svar frå ordføraren på brevet elevrådet sendte ang. skur ved buss-stoppet.

Kjære elevrådet ved Lye skule

Tusen takk for eit godt og gjennomarbeidd brev. Det er veldig kjekt å sjå at de engasjerer dykk i ein viktig sak som gjeld både trivsel og kvardagen til elevane på skulen
Eg er einig i at dette er ei god sak, og de har mange gode argument for kvifor eit skur vil vera nyttig.

Per no er det dessverre ikkje sett av pengar til dette i budsjettet. (I 2026) Men dette er noko me kan ta med i arbeidet med neste års budsjett. Eg vil difor oppmode dykk til å senda innspelet dykkar på nytt til meg og til alle partia når budsjettarbeidet startar opp i november.

Då er det enklast å finne økonomisk rom til prosjektet

Takk igjen for engasjementet dykkar. Me treng barn og unge som meiner og som engasjerer seg i saker i lokalsamfunna.

Venleg helsing Andreas Vollsund

Sak 4 Saker frå klassane

Ingen saker.

Sigrid Kjetland

-referent-